

Kvifor samane har sin eigen nasjonaldag

Samane vart ikkje godt behandla av dei som hadde makta i Noreg.

Den samiske kvinna Elsa Laula Renberg meinte at samane burde samlast.

6. februar 1917 vart det første landsmøtet for samar halde. Der snakka dei om rettane sine.

Møtet skulle tyde mykje for det samiske folket.



Foto av Elsa Laula Renberg.

Difor vart det bestemt at 6. februar skulle vere samenes nasjonaldag.

Spørsmål til teksten:

1. Kva var namnet på kvinna som fekk samane til å samlast?

2. Kvifor ville ho at samane skulle samlast?

3. Når vart det første landsmøtet for samane halde?

4. Kvifor vart det bestemt at nett 6. februar skulle vere samenes nasjonaldag?
